



Marit Langballe fekk før helga noko som kjem godt med: Eit nytt kjøken til sommarhuset på Skorpo.

Kvinnheringen fortel at Bygger'n Teigen kom på overraskande besøk. I høve 25-årsjubileet til firmaet var det utlyst konkurranse der vinnaren skulle få nytt kjøken til 25.000 kroner. Marit vann etter å ha vorte nominert av nevøen Vidar Brandvik frå Stord.

Kjøkenet skal på plass på Skorpo med båt og traktor og kjem godt med på ein stad der der alltid er mykje folk om sommaren. Huset er nesten 150 år gammalt og hadde berre ein vask og ei grue. Kjøken kom det først då Marit og mannen Oscar overtok garden på 1980-talet. No bur dei i Uskedalen i vinterhalvåret.

Vidars kommentar er denne: - Eg unnar henne dette. Han og familien er hyppige feriegjester på øya.

På biletet over serverer Marit på si eiga kai i samband med friluftsgudsteneste på Skorpo.

Under: Marit Langballe har gjort ein stor jobb med restaurering av eldhuset på Skorpo.

(Foto. Ola Matti Mathisen og Kristian Bringedal)

